



Frå før er Uskedalen om ikkje rikeleg så i alle fall nokonlunde utstyrt med brannbilar. No har vi også fått eigen politibil. Han er ikkje særleg mobil der han står på kommunal grunn utanfor Gamleskulen, men han har vorte skikkeleg testa ut dei siste dagane og alt tyder på at dette har vore ein fornuftig investering av Uskedalen Utvikling..Prisen er rundt 18 000 - med alle tillegg.

I dag har til og med 2 unge brannmenn frå Leirvik på Stord stått for testinga.

Ole Gerhard og Sigurd Eide Røsland på 4 og 3 år var svært fornøgde etterpå sjølv om dei ikkje fann noko som varsla at her kjem eit utrykningskøyrety!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen